

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 17.01.2018
SAKSHANDSAMAR: Kristin Osland Lexow
SAKA GJELD: **Oppdragsdokument 2018**

ARKIVSAK: 2017/1195
STYRESAK: **006/18**

STYREMØTE: **08.02. 2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2018 til Helse Vest RHF til etterretning.

Oppsummering

Tysdag 16. januar 2018 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sitt styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og i statsråden sin «sjukehustale».

Fakta

Gjennom oppdragsdokumentet stiller Helse- og omsorgsdepartementet til disposisjon dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2018. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammene og måla som er gitt, og dei ressursane som blir stilt til rådvelde i dokumentet.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet, er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Helse- og omsorgsdepartementets oppdragsdokument til dei regionale helseføretaka blir gitt ut normalt sett ein gang per år, like etter at avgjerda om statsbudsjett for året ligg føre i Stortinget. Oppdragsdokumenta inneheld krav frå Helse- og omsorgsdepartementet om kva oppgåver som skal utførast i det påfølgjande år, og kva krav som blir stilt til dei regionale helseføretaka.

Som i 2017 er oppdragsdokumentet samla om tre overordna styringsmål, med tilhøyrande *mål og andre oppgåver* for 2018, for all aktivitet ved sjukehusa. Dei tre overordna styringsmåla er:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasientsikkerhet

Kommentarar

Statsråden sin «sjukehustale» blei gjennomført i forkant av felles føretaksmøte i dei fire regionale helseføretaka, der oppdraga for 2018 blei overlevert gjennom oppdragsdokument og føretaksprotokoll.

Regjeringa vil skape pasienten si helseteneste. Statsråden er oppteken av pasientane, dei tilsette og teknologi, og peiker på at samhandlinga og samspelet mellom desse aktørane er nøkkelen til ei bærekraftig helseteneste.

Nokre av dei områda det vil vere fokus på i 2018 er mellom anna:

- Gjennomsnittleg ventetid skal reduserast i alle regionar samanlikna med 2017, og det nasjonale målet er at ventetid for behandla pasientar skal vere under 50 dagar innan 2021.

- Pasienten skal bli møtt med openheit og respekt, og skal få moglegheit til å delta i avgjerslene om eiga behandling. Viktige tiltak for å oppnå pasienten si helseteneste er heilskaplege og samanhengande tenester mellom spesialist- og kommunehelstetenesta, og god kommunikasjon mellom helsepersonell og pasient.
- I 2018 blir det lagt opp til om lag 2 prosent vekst i pasientbehandlninga. Knappe ressursar krev at ein må jobbe på nye måtar, mellom anna gjennom å ta betre i bruk ny medisinsk kunnskap, ny teknologi, auka samhandling, og mobilisering av pasienten sine eigne ressursar.
- Teknologi er eit verktøy og ein føresetnad for god pasientbehandling. Det er viktig at helsepersonell har tilgang på nødvendig pasientinformasjon, og at pasientane sjølv kan følgje med på eget behandlingsforløp. Meir bruk av samvalsverktøy skal leggje til rette for at pasientane i større grad kan vere med på å ta val om eigen behandling.
- Det er avgjerande for pasientane si tillit til helsevesenet at pasientopplysningar blir behandla på ein trygg og sikker måte, og at uvedkommande ikkje får tilgang til sensitiv informasjon. Informasjonssikkerheit og personvern er viktige område i arbeidet med gode IKT-løysingar.
- Behandling innan psykisk helse og rus er framleis eit prioritert område, og den gylne regel, som seier at det skal vere større vekst innan psykisk helsevern og rus enn somatikk, blir vidareført. Pakkeforløp innan psykisk helse og rus vil mellom anna bidra til meir føreseieleg behandling for pasientane, og vil gi helsevesenet betre data og oversikt over feltet. Det er framleis behov for å jobbe med å redusere unødig tvangsbruk, og vidareutvikle og spreie gode metodar for frivillig behandling.
- Helse, miljø og sikkerheit (HMS) skal vere ein integrert del av kvalitets- og pasienttryggleiksarbeidet. Det vil bli gjennomført ein felles kartlegging av arbeidsmiljø, og pasienttryggleikskultur (ForBedring) i 2018, der også kartlegging av seksuell trakassering vil inngå. Det er eit leiaransvar å skape eit trygt arbeidsmiljø prega av openheit, respekt, likestilling og tillit.
- Helse Vest RHF skal, i samarbeid med dei andre regionale helseføretaka, etablere ei nasjonal ordning med ekspertpanel i spesialisthelsetenesta der pasientar med alvorleg livsforkortande sjukdom kan få ei ny vurdering av kva som er mogleg behandling for anten etablert eller utprøvande behandling i Noreg eller utlandet.
- Det er eit mål å auke både talet på offentleg igangsette kliniske studiar og studiar som er sette i gang av næringslivet. Det skal leggast til rette for auka samarbeid med næringslivet, m.a. gjennom tilrettelegging av infrastruktur for utprøving av medisinsk-teknisk utstyr og for industrifinansierte kliniske studiar.

Vedlegg:

- 1 Oppdragsdokument 2018 Helse Vest RHF
- 2 Sjukehusstalen 2018